

– Staten har ingen kontroll med kommunane

Kommunane har akkurat det same settet med oppgåver dei må oppfylle, trass i at både storleik og innbyggjartal varierer enormt. – Systemet styrer mot kollaps, meiner kommuneekspert.



Geir Vinsand held foredrag om kva han meiner må gjerast med norsk kommuneadministrasjon. **FOTO:** KJELL ÅSMUND SUNDE/ NPK

NS NPK- Kjell Åsmund Sunde

Oppdatert: fire dagar sidan

– Eit rettleiande prinsipp bør vere at ein kommune har mellom 15.000 og 20.000 innbyggjarar. Det treng ein for å greie å vidareføre ansvaret for helse- og sosialtenester, grunnskule, barnehage og teknisk infrastruktur.

Det seier Geir Vinsand til Nynorsk pressekontor. Han arbeider tett på kommunane gjennom selskapet sitt NIVI Analyse, og med over 30 års erfaring innanfor

kommunal forvaltning har han heilt klare meiningar om kva som luggar i norsk kommunesektor:

– Det er ikkje reint lite, ifølgje nestoren.

Kommunesektorens organisasjon (KS) peikar på at det er grundig dokumentert at små kommunar slit meir med å levere på lovpålagde oppgåver, men:

– Det er utfordrande for alle kommunar å ivareta oppgåvene sine. Det blir mangel på arbeidskraft i Noreg samstundes som oppgåvene veks, særleg i helse og omsorg. Difor treng kommunane større handlingsrom, og mindre statleg detaljstyring, til å finne gode lokale løysingar. Dette jobbar Kommunekommisjonen med no, seier Helge Eide, direktør for samfunn, velferd og demokrati i KS.

Kommunal fridom

I 1946 fekk den såkalla Schei-komiteen i oppgåve å sjå på kommuneorganiseringa. Forslaga til prinsipielle retningslinjer frå komiteen blei i hovudtrekk følgt opp av Stortinget i 1956. Komiteen foreslo mellom anna ein minstestørleik som kunne sikre kommunane tilstrekkeleg befolkningsgrunnlag for ein forsvarleg administrasjon og tenesteproduksjon. Vedtaket i Stortinget blei at kommunane bør ha 2500–3000 innbyggjarar, men 5-10.000 innbyggjarar der dei geografiske forholda ligg til rette for det. Over 70 år seinare er det 128 kommunar som framleis har under 3000 innbyggjarar.

I 1992 var Geir Vinsand sekretær for ein kommisjon som kom med ei innstilling til Stortinget der det blei peika på at det burde kome ei ny kommuneinndelingsreform ein generasjon etter inndelinga til Schei-komiteen.

– Det hadde skjedd så mykje med desentralisering av oppgåver, geografi og busetjingsmønster. Men Stortinget sa nei og innførte lokal vetorett. Slik har det skura og gått fram til vår tid, seier Vinsand.

Vinsand meiner Stortinget legg for få føringar på korleis strukturen skal vere.

– Det er i all hovudsak opp til kommunane sjølve å avgjere korleis dei vil organisere seg som administrativ eining. Det har gitt oss eit samansurium av interkommunale samarbeid, kommunar som ikkje heng saman og kommunar som slit med å levere lovpålagde tenester, seier han.

KS på si side støttar generalistkommune-prinsippet, og meiner alle kommunar skal ha ansvar for dei same tenestene.

– Det er mest demokratisk, fordi kvar stemme i val er like mykje verd og fordi folkevalde lettare kan stillast til ansvar. Samstundes er det klart at for å løyse alle oppgåver er det naudsynt at kommunar inngår meir omfattande og langsiktige interkommunale samarbeid i faste konstellasjonar. KS har fått greidd ut eit grunnlag for å etablere slike forsterka interkommunale samarbeid etter kommunelova, fortel Eide.

Pisk og gulrot

For å styrkje kommunesektoren er Vinsand heilt klar på at meir pisk og gulrot frå staten ville fått fart i systemet.

– Det er eit nasjonalt avgjerdsvakuum prega av sentrale politikarar med eit romantisk kommunesyn. Nasjonale politikarar tek ikkje innover seg alvoret. Dette kjem til å gå veldig gale altså, viss ikkje Stortinget byrjar å rettleie litt. Vi har fått ei sterkt kritikkverdig kommuneforvaltning, som følgje av at strukturen blir bestemt lokalt.

Han trekkjer fram to konkrete eksempel.

– Kinn kommune i Vestland er delt i to med Bremanger kommune i midten, det er hol i hovudet. Og at Haram har fått lov til å bryte ut frå Ålesund-bykommune samsvarar ikkje med logiske inndelingsprinsipp, seier han.

Samstundes meiner han staten er for dårleg til å lønne dei som har fått til ting.

– Ved førre kommunereform, som blei slutført i 2020, blei kommunane som slo seg saman lova fleire oppgåver, meir ansvar og mindre statleg styring. Ingenting har skjedd. Sjå til dømes til Sunnfjord der fire kommunar slo seg saman og danna Sunnfjord kommune slik regjeringa ønskte – dei burde fått nye oppgåver og utvida ansvar. Ein burde flytta ansvaret for tilretteleggjande samfunnsutvikling bort frå Vestland fylkeskommune, og laga ein regionplan for heile kommunen. Det ville forenkla heile plansystemet.

KS er samd med Geir Vinsand i at kommunane som slo seg saman ved førre reform må få overført fleire oppgåver og meir ansvar.

– Kommunereforma førte til at svært få oppgåver blei overført frå stat til kommune. KS meiner at offentlege oppgåver blir best løyst nærast mogleg innbyggjarane, men kapasiteten og kompetansen til å ivareta oppgåvene må vurderast, seier Helge Eide.

– Gå saman med naboen

For å danne nye kommunar vil det logiske vere, ifølgje Vinsand, å gå saman med andre kommunar i geografisk nærleik og danne ein regionkommune. Altså at ein går saman med naboar med felles fysiske trekk, kultur, eller funksjonelle samanhengar. Det vil vere den tydelegaste og enklaste løysinga på kommuneflokane, meiner han.

– Landet vårt er fullt av kommunar som har naturleg tilknytning til andre kommunar. Det er berre rett og rimeleg at desse saman dannar administrative einingar. Og i dei aller fleste tilfelle vil avstandane vere til å leve med.

Han foreslår regionkommunar med eit rettleiande innbyggjartal på 15-20.000.

– Og så må vi kanskje ned til 10.000 og 7.000 nokre stadar. Hadde vi gjort dette ville einingane vore sterke nok til å halde oppe eit forsvarleg tenestetilbod og samstundes kunne dei blitt tildelt nye oppgåver. I mine auge ville det vore det motsette av sentralisering – fordi kommuneiningane ikkje ville vore like avhengige av fylkeskommunen og staten.

I ein slik regionkommune kunne ein hatt ein underkommunal struktur, ifølgje kommuneeksperten.

– Ein kunne hatt ulike lokalstyre spreidd utover regionkommunen. Då kunne eit lokalstyre handsama saker med lokal tilknytning – i staden for at politikarane sentralt i kommunen tok seg av det. Det var slik kommunesystemet var bygd opp frå 1837 fram til siste verdskrig, med store regionkommunar med interne lokale soknekommunar.

Unntak

Ifølgje Geir Vinsand er det veldig få kommunar som ikkje hadde hatt nytte av å gå inn i større einingar. Han peikar likevel på at nokre småkommunar ligg for aude til at dei kan gå inn i ei større eining.

– Ein må ha ventil-løysingar for øykommunar og andre med ekstreme avstandar. Nokre område er rett og slett vanskelege å betene med likeverdige velferdstenester. Difor må det vere nokre unntak frå dei nasjonale reglane, seier Vinsand.

(©NPK)

Publisert: 16. mai 2026 kl. 14:15

Oppdatert: fire dagar sidan

UTFORSK TEMA

STORTINGET

KOMMUNE

KOMMUNEREFORM

KS

DEMOKRATI

LIGNENDE ARTIKLER



Kommunane får meir makt – på papiret

OPEN



– Heilt naturleg at debatten blir prega av kjensler



Vil ikkje sende ein eigen invitasjon

ANBEFALTE ARTIKLER



Rykte ut til terreng-brann



Har fått kontroll over lynnbrann



Fekk kontroll over trebrann



**Vil berge garden frå
forfall**



**Lotte tatoverte
superhelten sin på
arma**

Tiltalt etter brann



**– Bylivet er ikkje noko
for meg**

OPEN



**Tilsette har sendt
bekymringsmelding**



**No blir det endringar
ved ferjekaia**



Søk i dødsannonsane



**BankID kan miste
godkjenning**

OPEN



Femti plukka søppel




**Dette er Årets nynorsk-
brukar**



**Fleire netter med
manuell dirigering**

OPEN



**Desse eigedomane har
skifta eigar**



Vil ha forbod

Tips oss her

OPEN

– Staten har ingen kontroll med kommunane - vikebladet.no

– På tide å rette opp uretten



Ser du nokon du kjenner?

Presenterer noko nytt



Fleirtal for lokale forbod



Engasjementet for verftsindustrien må strekke seg lenger enn til bedriftsbesøk i valgår

OPEN



Vurderer å donere ein brannbil



Desse ønskjer å jobbe i PPT




Ny bortetur i NM-kvalifiseringa



Send inn video til konkurransen her

OPEN



Her blir det vegarbeid

OPEN



– Kan 3 K bli ein 4 K om Hareid vil bli 2 K men ikkje 5 K ?

OPEN



Rentefeber etter renteauke

OPEN



Søkte kommunen om pengar



I sommar blir det tysdagsaviser

OPEN



– Tenkjer ofte på korleis livet hennar hadde vore i dag



Vil ikkje sende ein eigen invitasjon

Skal ha skote med softgun og køyrt utan gyldig førarkort

Bilberging stengde tunnelen


OPEN




Slik vil dei få fortgang på utbetring av dette krysset



Gjekk til sak mot utleigar



No er kjempa levert



Biten av hoggorm? – Dette bør du IKKJE gjere

OPEN



Klart for nye oppgaver



Fedog på feilspor



Melde om slåstkamp

OPEN



Send inn glimt frå feiringa

OPEN



Den fargerike og slagferdige mannen har sett gode spor etter seg



Forbetra resultatet med 60 millionar



Negative til VM-skjenking



– Det vart berre kaos



Sjå kvar kommune-skiltet dukka opp

OPEN



– Har litt å lære på slutten av kampane



Andre plass i sesong-opninga

NYHENDE



Rykte ut til terreng-brann



Har fått kontroll over lyngbrann



Fekk kontroll over trebrann

Vi nyttar cookies for å betre brukaropplevinga på nettstaden vår. Se vår [cookieerklæring](#) for fleire detaljer. [Les meir](#)

Redaktør og dagleg leier
Linda Eikrem

Kundesenter
70 01 85 00
abonnement@vikebladet.no
annonse@vikebladet.no

Tipstelefon
70 01 85 00
SMS/MMS
480 66 495
E-post
redaksjon@vikebladet.no



Vikebladet Vestposten arbeider etter **Vær Varsom-plakaten** sine reglar for god presseskikk. Sjå òg **Redaktøransvar**. Vikebladet Vestposten har ikkje ansvar for innhald på eksterne nettsider som det er lenka til. Alt innhald er verna av opphavsrett 2026 © Vikebladet Vestposten.

Dersom nokon føler seg råka av urettmessig omtale, vert dei oppfordra om å ta kontakt med redaksjonen i Vikebladet Vestposten. Det er også høve til å reise klage for brot på god presseskikk til Pressens Faglige Utvalg, pb. 624 Sentrum, 0106 Oslo. Vikebladet Vestposten har ikkje ansvar for innhald på eksterne nettsider det vert lenka til.

Informasjon om bruk av «cookies» og personvernpolicy.

Samtykkeinnstillingar

Informasjon om openheitslova.